



## Notat

Dato: 29.09.2014  
Arkivsak: 2014/19850-2  
Saksbehandlar: vigberg

---

**Til:** Anne-Kathrine Vabø

---

**Frå:** Vigdis Berge

---

### **Innspel kulturminne - Revisjon av kommuneplan – Oppstart av planarbeid og høring av framlegg til planprogram - for Radøy kommune - 2014 - 2026**

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Radøy kommune har starta opp ein delrevisjon av kommuneplan sin arealdel. I rulleringa av kommuneplanen som er sett i gang er bl.a. kulturminne lagt vekt på som eit av fokusområda.

Hordaland fylkeskommune har etablerte prosjektet KiK - Kulturminnekompetanse i kommunane 2013-2016. Saman med Riksantikvaren har Hordaland fylkeskommune midlar som kommunane kan søkje om som delfinansiering for kulturminneregistrering og utarbeiding av ein kommunedelplan for kulturminne. Ein slik plan er eit viktig reiskap for kommunen i forvaltning av kulturarven. Radøy kommune har starta opp arbeidet med ein kulturminneplan og kommunen fekk 100 000,- i 2013 frå Riksantikvaren og 100 000,- frå Hordaland fylkeskommune 2014 til dette arbeidet. Det er positivt at kommunen prioritere arbeidet med ein kulturminneplan. Vi viser òg til Regional kulturplan, som omfattar heile kulturfeltet. Sjå nettsida <http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Kultur/kulturplan/>

Vidare skal Radøy kommune revidere plankrav til nye byggeområde, område med eksisterande bustader i LNF og frådelt eigeidomar med eksisterande bygg. Revisjonen opnar ikkje opp for å leggje inn nye byggeområde i kommuneplanen. Vi vil minne om at Hordaland fylkeskommune har ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i heile kommuneplanen sitt areal. Fylkeskommunen kan dermed ikkje seie seg samd i endra arealbruk i kommuneplanen sin arealdel før § 9 i kulturminnelova er oppfylt for det einskilde byggeareal, og tilhøvet til automatisk freda kulturminne er avklart. Undersøkningsplikt etter § 9 i kulturminnelova skal oppfyllest i samband med utarbeiding av reguleringsplan eller ved søknad om tiltak, dette gjeld både land- og sjøareal. Det er her viktig at kommunen gjer ei vurdering av dei enkelte områda når det gjeld potensial for funn av automatisk freda kulturminne og at ein lagar føresegner og retningslinjer som sikrar både kjende og hittil ikkje registrerte kulturminne i planen.

Hordaland fylkeskommune vil minne om at planen, når den kjem på offentleg ettersyn, ikkje må vere i konflikt med freda kulturminne eller andre kulturminne av nasjonal og regional interesse.